



SØR-ROGALAND
JORDSKIFTERETT

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Også sendt pr. e-post til: postmottak@lmd.dep.no

Arkivnummer
008

Vår referanse
J0254/2015

Vår dato
02.03.2015

Høringsutsegn til forslag til endring av lov av 21. juni 2013 (jordskiftelova)

Vi viser til høringsbrev datert 28.01.2015. På vegne av jordskifterettene i Gulating sender vi ei felles høringsutsegn.

Dei føreslåtte endringane i § 6-21, første ledd og § 6-23, fjerde ledd er heilt nødvendige for å sikre ei rasjonell handsaming av jordskiftesakene. Vi sluttar oss til forslaga om endring av desse paragrafane.

Departementet ber i same brev om innspel til åpenbare feil som bør rettast i den nye lova. Vi har følgjande innspel:

§1-4

Jordskiftelova § 1-4 bokstav a er formulert slik at jordskifteretten kan endre eigedomstilhøve og rettar for å skape meir tenlege tilhøve. Om ein byter ut "*skape meir tenlege tilhøve*" med eksempelvis "*bøte på utenlege eigedoms- og bruksrettshøve*", vert det betre samsvar med ordlyden i §§ 3-1 og 3-2.

§3-7

På side 425 i Prop. L. 101 (2012-2013) går det fram at paragrafen både skal omfatte gjeldande regler i § 2 bokstav g og f, medan ordlyden i § 3-7 berre svarer til § 2 bokstav g. Vi meiner at kompetansen til "tunfrådelingar" og liknande bør gå fram av lovteksten og ikkje berre av forarbeida.

§3-18

I § 3-18 har ein valt å bruke formuleringa "*kostnadene eller ulempene*" for å sikre vern mot tap. På side 433 i Prop. L. 101 (2012-2013) går det fram at ein skal lese dette som gjeldande lov der det er brukt kostnadene og ulempene (§ 3, bokstav a). For å synleggjere at det er kumulative vilkår det her er tale om, ber vi departementet vurdere å endre "*kostnadene eller ulempene*" til "*kostnadene og ulempene*" i denne paragrafen.



SØR-ROGALAND
JORDSKIFTERETT

For:
Nordfjord jordskifterett,
Indre Sogn jordskifterett,
Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett,
Nord- og Midhordland jordskifterett,
Indre Hordaland jordskifterett,
Sunnhordland og Haugalandet jordskifterett og
Sør-Rogaland jordskifterett


Torbjørn Hjartåker
jordskiftedommar